

From: "oda holten solem" <oda_h-solem@hotmail.com>
Sent: Mon, 15 Sep 2025 23:13:54 +0200
To: "Post Surnadal" <post@surnadal.kommune.no>
Subject: Høringssvar skulestruktur

Eg sit og les høringssvar som er kome inn på Surnadal kommune sine nettsider. Der ligg også oppgåvesvara frå dialogmøta. Eg er ikkje overraska over at vi er så einstemmige, men det er oppriktig trist å sjå at eit slik forslag til sparetiltak i det heiletatt har fått skape så mykje uro, når forholda ikkje ligg til rette i det heile tatt for ei skulesammenslåing i sentrum.

· Surnadal kommune

Først av alt! Uansett politisk ståsted og parti, så bør politikken tilpassast distriktet ein skal forvalte, og ikkje omvendt! I motsetning til somme andre kommunar har ikkje Surnadal kommune geografien og vegkartet på si side for å kunne drive hardt innan sentralisering.

Rundt meg i grenda ser eg ressurssterke småbarnsfamiliar som sjonglerer både 2, 3 og 4 ungar med kvardagen og investering i næringsliv og landbruk, samt tid i styre og stell rundt om. Eg ser høg iver, eg ser aukande fødselstal og eg ser lokalpatrioti på sitt beste! Eg ser ei opp-og-fram-holdning og eit felles mål om å drive godt! Eg ser ei bygd i vekst!

· Barnets beste!

Oppdatert hjemler til ny opplæringslov. Barnekonvensjonens artikkel 3. nr. 1 lyder:

«Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende myndigheter, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.»

Her vil eg berre påpeike med ein gong at ei nedlegging av grendeskular vil gå i mot barnets beste, i heile Surnadal Kommune!

Eg har heilt oppriktig vanskeleg for å klare å finne ut kven dette skal gange.

Ikkje sentrumsungar.

Ikkje grendeungar.

Ikkje foreldre og foresatte.

Ikkje tilsette i sentrum- eller grendeskular.

Ikkje bussjåførar.

Ikkje arbeidsplassar utanom Skei.

Ikkje landbruket.

Og ei heller Surnadal kommune på sikt eller kommuneøkonomi her og no!

· Størrelser på skular

Mange spør og; kva skal til for at ein skule er for liten? Størrelse? For dårleg læringsmiljø? For lite ungar?

Og kven kan svara på det? Er det politikarar? Nei! I all hovudsak er det nok tilsette, ungar og foreldre som sit med svaret. Og ut i frå tilbakemeldingane frå foreldre, ungar og tilsette her i Surnadal er det til no berre ein skule av dei fire vi har som er for liten. Det er SUBUS, med sine alt for mange elevar på sine alt for få kvadratmeter, inne og ute!

· Kvardagskabal, familieliv og arbeidsliv

Vi er mange som bur i grendene som er ute i andre kommunar og hentar oss løn (Rindal, Heim og Sunndal som eksempel), som legg att pengar i andre bedrifter her i kommunen, og betaler skatt og eigedomsskatt i Surnadal Kommune.

Det er ein uheldig situasjon for Surnadal om moglegheitane for å anten å drive eiga næring der du bur, eller søkje andre jobbar i nabokommunar ikkje skal gå opp med kvardagskabal, med å både før og etter jobb køyre for å bringe/hente ungar til og frå sentrum! Og i allefall veldig uheldig for viare rekruttering av slike jobbar i framtida!

Oss sjølv teke som eksempel, som er ein ganske gj.snittleg familie med 3 ungar frå 0-6år. Bur i Øvre surnadal, 16km frå sentrum (enda er det mange som bur lengre opp enn oss). Arbeider i Rindal og Øvre Surnadal. Behov for SFO til ungane om skulen hamnar i sentrum. I mitt tilfelle blir det 32km i bil før eg i det heiletatt har fått starta på min arbeidsveg. Om ein reknar 6års alderspenn mellom ungar og ca 4år med SFO er det 10 år av livet ein er i denne knuta av ein kvardagskabal som inneheld nestan berre bilkøyning. 10år av vaksenlivet og ikkje minst 10år av barndommen til ungane. Bilkøyning blir vi slett ikkje produktive av...

· Sterk tilhørighet og lokalpatrioti

Ikkje undervurder lokalpatrioti og drivkrafta det gir! Vanskeleg å beskrive det godt nok med ord. Men dette kan som unge/ungdom mang ein gong kjennes som heimlengsel, og botnar i at man ønsker seg heim att til noko som kjennes kjent, og er trygt og godt. Det kan også som ung kjennes ut som ei stor stoltheit over noko som kjennes som sitt. Det utviklar seg etter kvart til ei heilt uvurderlig drivkraft og eit ønske om å fortsette å leve ut livet på plassen ein er frå. Ei slik sterk tilhørigheit og drivkraft er heilt avgjerande å ha med seg i sekken, når det fortsatt skal drivast næring ein god del plassar i Surnadal, da nokre områder er noko meir «tong-rodd» enn andre! Det beste med denne drivkrafta, som er dyrka godt inni ein heilt frå start - den er så stor at den er med ein heile livet. Smittsam er den og! Både til sambuarar som ein skal ha med seg på laget, sambygdingar og ikkje minst neste generasjon!

Dette punktet må med i reknestykkjet. I eit mykje større reknestykke enn reknestykket for å unngå Robek akkurat no!

Tenk dykk nøye og godt om, for her er det ikkje rom for å vere etterpåklø. Ei forhasta nedlegging av grendeskulane, kan i framtida aldri reverseres. Hugs at vi som kjempar no allereie er ferdig rekruttert. Nedlegging av skular vil slå hardt attende på kommunen i seinare år! STOR applaus til dei politkarane som held roa når det gjeld denne saka og seier blankt NEI til sammenslåing. Rekruttering av nye sentrumspatriotar, todal- og stangvikspatriotar, bæverfjord-og bøfjordspatriotar og øverbygdspatriotar er ei investering for framtida! For surndalingar er vi alle og vi har eit stort rom å fylle!

Forvalt det godt!

Oda Solem